

## **Bøner til gudstenestene i konfirmasjonstida**

Kyrkjerådet har i februar 2002 i samsvar med reglane for liturgisaker vedteke nye bøner for gudstenestene i konfirmasjonstida som liturgisk forsøksak.

### **1. GUDSTENESTE MED PRESENTASJON**

#### **Bøn for konfirmantane**

Ved starten av konfirmasjonstida vert konfirmantane framstelte for kyrkjelyden i ei gudsteneste. Lokale tilhøve avgjer korleis denne gudstenesta skal leggjast opp. Det at konfirmantane er nærverande, skal setja sitt preg på heile gudstenesta.

Framstillinga av konfirmantane kan skje på ulike stader i gudstenesta, til dømes etter leddet Salme etter preika eller i inngangsdelen av gudstenesta

Den følgjande bøna kan brukast som «Bøn for konfirmantane» på plassen til forbøna. Liturg ved altaret leier bøna, gjerne i samarbeid med nokon av leiarane i konfirmasjonstida.

Til framstillinga kan ein knyta lystenning eller andre enkle symbolhandlingar.

Kyrkjelydssvaret kan vera «Gud, ver med oss alle» (Salmer 1997 nr. 159) eller eit anna svar. Bøna kan ein òg be samanhengande med «Å Gud, høyr vår bøn» (Salmer 1997 nr. 161) som avsluttande kyrkjelydssvar.

**L** Lat oss vende oss til Gud i bøn og særleg be for konfirmantane våre.

Anten **A**

**I** Evige Gud og skapar, du har gjeve oss livet i gåve.

Takk for at du elskar oss som vi er  
og kjenner vår glede og smerte, våre voner og sakn.

**L** Herre, lei oss på dine vegar.

**K** Gud, ver med oss alle.

**II** Allmektige Gud. Takk for at du vaker over land og kyrkje, nærmiljøet vårt og kyrkjelyden vår. Vi ber for alle som har ansvar i samfunnet.

Gjev vilje og visdom til å kjempa for fred og rettferd for alle.

Hjelp oss å byggja gode fellesskap og leva saman i kjærleik.

I dag bed vi for:

**L** Herre, lei oss på dine vegar.

**K** Gud, ver med oss alle.

**III** Herre Jesus Kristus, du som tok imot oss i den heilage dåpen, vi bed deg for konfirmantane:

Lat dei få sjå meir av kven du er, så dei kan veksa i tru, von og kjærleik.

Gjev dei mot og styrke når livet vert vanskeleg.

Vara dei mot alt vondt og lat dei alltid eiga gleda over livet.

Vi bed deg for familie, venner, fadrar og kyrkjelyd.

Hjelp oss alle å gje konfirmantane ei god konfirmasjonstid.

**L** Herre lei oss på dine vegar.

**K** Gud, ver med oss alle.

**L** Stille vil vi no leggja fram for deg det kvar og ein av oss har på hjarta.

Bønestille

Eller **B**

**L** Gud, du som eingong skapte lyset  
og stendig fornyar livet med all livsens rikdom.

Takk for at du har skapt oss i ditt bilete

og gjeve oss alt det moglege i livet.

Lat oss få sjå meir av kven du er,

så vi kan veksa i tru, von og kjærleik.

Vi bed i dag for konfirmantane våre.

Velsign konfirmasjonstida deira.

Gjev kvar einskild konfirmant å finna

glede og styrke i fellesskapet.

**K** Gud, ver med oss alle.

**L** Gud, du som ser oss og kjenner oss som vi er.

Takk for at du tek imot oss

med alle våre lengsler og suter, sorger og voner.

Takk for at du høyrer når vi bed til deg -

både når vi kviskrar og når vi ropar.

**K** Gud, ver med oss alle.

**L** Trufaste Gud, sjå til alle som står konfirmantane nær:

Familie og vener, fadrar og kyrkjelyd.

Lat vår kyrkjelyd vera ein heim

der dei kan finna kvile og ny kraft.

Hjelp oss å byggja gode fellesskap,

så vi kan leva saman i kjærleik.

**K** Gud, ver med oss alle.

Her følgjer Herrens bøn.

**A** Fader vår,

...

## 2 KONFIRMASJONGUDSTENESTE MED FORBØN FOR DEN EINSKILDE

1 Konfirmasjonstida vert avslutta med konfirmasjonsgudstenesta.

2 Gudstenesta vert halden som høgmesse på vedkomande sun- eller helgedag med desse endringane:

Ledd 2 **Synsvedkjenning** kan utelatast eller utformast i samarbeid med konfirmantane.

Ledda 3 **Bønerop KYRIE** og 4 **Lovsong GLORIA** kan gjevast ei anna form, sjå Norsk Salmebok og Salmer 1997.

Trusvedkjenninga vert lesen saman med forsakinga etter preika under leddet **Påminning om dåpen**.

I staden for ledd 14 **Forbøn** kjem ledda 14a **Bøn for konfirmantane**, 14b **Stutt bønesalme** og 14 c **Bøn for den einskilde konfirmanten**.

3 Ved prosesjon kan det ringjast med alle klokkene.

4 Forrettande prest kan bera messehakel ved prosesjon og under altartenesta.

### Inngangsort

Gudstenesta vert innleidd med desse inngangsorta:

Anten **A**

**L** Kjære kyrkjelyd, nåde vere med dykk og fred frå Gud vår far og Herren Jesus Kristus.

Eller **B**

**L** I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande.

Liturgen seier noko om dagens karakter og om gudstenesta som følgjer.

Dette kan avsluttast med den følgjande bøna eller med ei fritt formulert bøn.

Om det er mogleg, vert denne bøna beden av ein av konfirmantane eller av ein av leiarane i konfirmasjonstida.

**L** Lat oss be.

Herre vår Gud, takk for konfirmasjonstida. Takk for at du elsker oss og kjenner alt i våre liv. Gjer oss opne for det du vil gje oss. Velsign denne dagen. Amen.

### Kollektbøn

I staden for dagens kollektbøn kan ein bruka ei av dei følgjande bønene eller ei anna høveleg bøn:

Anten **A**

Allmektige Gud, himmelske Far, takk for at du elsker oss. Vi ber deg: Styrk oss i trua, så vi kan leva i fellesskap med deg og vera vitne om Jesu oppstode, du som med Sonen og Den Heilage Ande lever og råder, ein sann Gud frå æve og til æve.

Eller **B**

Evige, trufaste Gud, du som tok imot oss i dåpen og gjorde oss til dine born. Takk for at vi kan vera trygge i din kjærleik, du som aldri sviktar. Lær oss din gode vilje, så vi lever til beste for kvarandre. Gjev oss glede i trua og lat liva våre vitna om at Jesus lever.

Eller **C**

Himmelske Far, vi takkar deg for at du gjorde oss til dine born i dåpen og gav oss ein heim i di kyrkje. Vi ber deg, styrk oss i trua, så vi kan leva etter din vilje og vera dine medarbeidarar på jorda. Gjev oss kraft til å strida den gode striden, og hjelp oss til å nå det evige mål du har sett for vårt liv, ved Jesus Kristus, din Son, vår Herre, som med deg og den Heilage Ande lever og råder, ein sann Gud frå æve til æve.

## Tekstlesing

Det kan lesast ei eller to lesetekstar i tillegg til preiketeksten.

Dersom det ikkje vert preika over ein evangelietekst, skal det lesast ein evangelietekst.

Dersom ein eller fleire av tekstane for dagen tykkjest mindre høveleg, kan ein til dømes velja blant desse:

|     |                             |
|-----|-----------------------------|
| GT  | 5 Mos 6,4-7<br>Salme 121    |
| Ep. | Fil 3,12-14<br>Fil 4,4-9    |
| Ev. | Matt 7,24-29<br>Joh 6,66-69 |

Etter salmen etter preika (og kunngjeringane) følgjer eventuelt dåp, som vert avslutta med ein salme.

Dersom det ikkje er dåp, følgjer

## Påminning om dåpen

Anten **A**

**L** vend mot kyrkjelyden

Kjære kyrkjelyd.

I dåpen frelste Gud oss ut av mørkemakta og gav oss rett til å vera born av lyset. Vi vart kalla til å følgja Kristus og leva vårt liv i fellesskap med han. Lat oss derfor vedkjennast forsakinga og trua som lydte då vi vart døypte.

Eller **B**

**L** vend mot kyrkjelyden

I dåpen vart vi fødde på nytt av vatn og Ande. Vi vart teikna med det heilage krossteiknet som eit vitnesbyrd om at vi skal tilhøyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus og tru på han. Lat oss no vedkjennast forsakinga og trua.

Kyrkjelyden reiser seg.

**A** Eg forsakar djevelen

...

## 14a Bøn for konfirmantane

Her kan det nemnast aktuelle forbøner for familiane til konfirmantane og relasjonane der, for lokalmiljøet og dessutan forbøner som spesielt har med konfirmantane dette året å gjera. Også sjukdom, sorg og andre vanskelege saker som har med ein eller fleire av konfirmantane å gjera, kan nemnast når det er avtala med vedkomande. Kyrkjelydssvaret kan vera «Gud, ver med oss alle» (frå Salmar 1997) eller eit anna svar. Ein kan òg be bøna samanhengande med «Å Gud, høyr vår bøn» som avsluttande kyrkjelydssvar.

**L** Lat oss takka og be for konfirmantane våre.

**L** Kjære Gud, vi takkar deg for konfirmantane. Du har skapt dei i ditt bilete og gjeve dei livet i gåve. Du gjorde dei til dine born i den heilage dåpen. Hjelp dei til å vera uthaldande i bøna og trufast bruka ditt ord og den heilage nattverden. Styrk dei i trua, vona og kjærleiken, så dei saman med alle som trur på deg, kan vedkjennast Jesu Kristi namn og i ord og gjerning takka og tena deg.

**K** Gud, ver med oss alle.

**L** Gode Gud, i dag ber vi deg om / for ...

Ver nær hos konfirmantane, og la dei alltid ha ein trygg stad i di kyrkje. Vara dei mot alt vondt og gjev dei visdom og kraft når livet vert vanskeleg. Verna dei og hjelp dei i dag og alle dagar.

**K** Gud, ver med oss alle.

Her følgjer Herrens bøn.

**A** Fader vår

...

## 14b Bønesalme/Bønevers

## 14c Bøn for den einskilde konfirmanten

Konfirmantane kan koma fram einskildvis eller i grupper og knela ved altarringen. Der det er mogleg, kan dette skje ved at den første konfirmanten går via døypefonten til altarringen, medan den neste går fram til døypefonten og ventar der medan det vert bede for den første. Når den som det har vorte bede for reiser seg for å gå ned, går den neste fram til altarringen, medan ein ny tek plass ved døypefonten.

Til forbøna kan ein knyta enkle symbolhandlingar.

Ved døypefonten bør Kristuslyset vera tent.

**L** Kjære konfirmantar.

Til den kristne trua er de døypte. I den kristne trua er de opplærte. Kom no fram til Herrens altar, så vi kan be for kvar einskild av dykk i Jesu namn.

Konfirmantane går fram slik det er avtala på førehand, og kneler på altarringen.

Anten **A**

Liturgen legg handa på hovudet til konfirmanten, og idet han nemner namnet, bed han ei av desse bønene:

1 Trufaste Gud. Vi bed deg for (namnet vert nemnt). Gjev *han/henne* styrke til å møta utfordringane i livet. Hald *han/henne* fast i trua på Jesus Kristus.

2 Himmelske Far, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Omgjev *han/henne* med di signing til eit liv med framtid og von.

3 Gode Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Vara *han/henne* frå alt vondt og ver *hans/hennar* vaktar og hjelpar i dag og alle dagar.

4 Evige Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Ver med *han/henne* gjennom livet, og hald *han/henne* fast i din fred.

5 Herre vår Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Gjer *han/henne* trygg på at ingen ting kan skilja *han/henne* frå din kjærleik i Kristus Jesus.

6 All nådes Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Du som har byrja den gode gjerninga i *han/henne*, fullfør den, heilt til Jesu Kristi dag.

7 Herre, treeinige Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Ver nær *han/henne* med din nåde og styrk *han/henne* i trua, vona og kjærleiken.

8 Miskunnsame Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Du har kalla *han/henne* til å leva i fellesskap med deg. Vis *han/henne* din kjærleik og den vona som *han/ho* eig i deg.

9 Trufaste Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Signa framtida *hans/hennar*, så *han/ho* kan veksa i tru og tillit til deg.

10 Livsens Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt) (*namnet vert nemnt*). Hjelp *han/henne* til å leva til di ære og til glede og velsigning for andre.

11 Allmektige Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Lat *han/henne* alltid sjå at Jesus er vegen, sanninga og livet.

12 Evige uforanderlege Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Lat *han/henne* få kjenna din nærleik og alltid følgja den vegen som fører til frelse.

13 Nådige, trufaste Gud, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Styrk *han/henne* ved din Heilage Ande, til eit liv i tru og teneste.

14 Barmhjertige skapar og Herre, vi bed deg for (namnet vert nemnt). Lat *han/henne* få vandra i ditt lys og leva sitt liv omgjeven av din kjærleik.

Eller **B**

Liturgen legg handa på konfirmantens hovud og ber ei bøn som er vald eller utforma i løpet av konfirmasjonstida i eit samarbeid mellom presten eller kateketen og den einskilde konfrimanten.

Før konfirmanten/-ane går ned att, seier liturgen:

Fred vere med deg/dykk! ≡

Etter at det er bede for alle konfirmantane, seier liturgen:

Anten **A**

Den allmektige Gud har i dåpen gjeve dykk sin Heilage Ande, gjort dykk til sine born og teke dykk inn i sin truande kyrkjelyd. Han styrke dykk med sin nåde til det evige liv.

Eller **B**

Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i sin rike miskunn har fødd oss på nytt og gjeve oss ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!

## Sluttord

Når det er bede slik for alle konfirmantane, ber liturgen eller ein annan representant for kyrkjelyden fram ei stutt helsing, eventuelt i form av sluttordet nedanfor.

Kjære konfirmantar.

Kristus har kalla oss til å leva i tru på hans oppstode og vera hans vitne i verda. Bli verande i hans kjærleik og i fellesskapet med alle som trur på han. Kristus har gjeve oss til kvarandre, han er nær oss i Ordet og bønna, dåpen og nattverden. Lat oss alltid be for kvarandre, og saman med Kristus gå framtida i møte.

Gudstenesta vert deretter avslutta med slutningssalme osb.